



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Vibeke Herskedal, 5557 2244

Vår dato
05.01.2015
Dykkar dato

Vår referanse
2014/9898 721.0
Dykkar referanse

Radøy kommune
Radøyvegen 1690
5936 MANGER

Oversending av rapport frå tilsyn med Nav Radøy kommune

Fylkesmannen i Hordaland viser til tilsyn med Nav Radøy kommune 19. og 20. november 2014. Tema for tilsynet var handsaming av søknad om økonomisk stønad i medhald av lov om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltninga. Utkast til rapport blei sendt Nav Radøy for korrigeringar av eventuelle faktiske feil i brev av 4.12.2014.

Den endelige rapporten følgjer vedlagt.

Rapporten inneholder tre avvik. Vi ber om skriftleg tilbakemelding innan 16. mars 2015 på kva tiltak kommunen vil sette i verk for å rette avvika.

Med helsing

Helga Arianson
fylkeslege

Vibeke Herskedal
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Vedlegg: Rapport frå tilsyn med Nav Radøy kommune

Kopi med vedlegg til:
Statens helsetilsyn Postboks 8128 Dep 0032 OSLO



Fylkesmannen i Hordaland

Sakhandsamar, innvalstelefon
Vibeke Herskedal, 55 57 26 01

Vår dato
19.12.2014
Dykkar dato

Vår referanse
2014/9898
Dykkar referanse

Rapport frå tilsyn med Nav Radøy kommune 2014

Adressa til verksemda: Radøyvegen 1690, 5936 MANGER
Tidsrom for tilsynet: 19. og 20. november 2014
Kontaktperson i verksemda: Svein Ove Skjoldal

1. Samandrag

Fylkesmannen i Hordaland gjennomførte tilsyn med Nav Radøy kommune 19. og 20. november 2014.

Vi har undersøkt om kommunen har lagt til rette for og ser til at søknader om økonomisk stønad frå personar med forsytaransvar for barn blir forsvarleg handsama.

Denne rapporten gjer greie for avvika som blei påpeikte innanfor dei områda som tilsynet omfatta.

Det blei funne 3 avvik under tilsynet:

- 1. Nav Radøy har ikkje utarbeidd og iverksett rutinar for å dokumentere kartleggingar, vurderingar og avgjerder i søknader om økonomisk stønad frå personar med forsytaransvar for barn.**
- 2. Nav Radøy kommune har ikkje nødvendig oversikt over om og kva opplæring tilsette treng.**
- 3. Nav Radøy kommune si tilrettelegging og oppfølging av at søknader om økonomisk stønad frå personar med forsjørgjaransvar for barn blir forsvarleg behandla, er ikkje tilstrekkeleg.**

Dato: 19. desember 2014

Vibeke Herskedal
revisjonsleiar

Marta Havre
revisor

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Innhold

1. Samandrag.....	1
1. Innleiing.....	3
2. Omtale av verksemda.....	3
3. Gjennomføring.....	3
4. Kva tilsynet omfatta	4
5. Funn.....	4-6
6. Vurdering av styringssystemet i verksemda	7
7. Regelverk	6
8. Dokumentunderlag.....	7-8
9. Deltakarar ved tilsynet	8

1. Innleiing

Rapporten er utarbeidd etter tilsyn med Nav Radøy kommune 19. og 20. november 2014. Tilsynet går inn som ein del av den planlagde tilsynsverksemda hos Fylkesmannen i dette året.

Fylkesmannens heimel for å føre tilsyn med sosialtenesta går fram av lov om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltninga § 9.

Tilsynet er utført som ein systemrevisjon. Det inneber gransking av dokument, intervju og andre undersøkingar. Formålet med tilsynet er å vurdere om verksemda gjennom styringa (internkontrollen) fyller ulike krav i lovgjevinga.

Tilsynet omfatta å undersøke:

- kva tiltak verksemda har for å avdekkje, rette opp og førebyggje brot på lovgivinga innanfor dei områda tilsynet omfattar
- om tiltaka blir følgde opp i praksis og om nødvendig korrigerte
- om tiltaka er gode nok for å sikre at lovgivinga blir følgt

Rapporten handlar om avvik som er avdekte under tilsynet og gir difor inga fullstendig tilstandsvurdering av det arbeidet verksemda har gjort innanfor dei områda som tilsynet omfatta.

- **Avvik** dreier seg om at krav som er gitt i eller i tråd med lov eller forskrift, ikkje er oppfylte

2. Omtale av verksemda

Radøy kommune er frå 1. januar 2014 organisert i tre sektorar under kvar sin kommunalsjef. Nav Radøy ligg under sektor helse- og omsorg. Nav Radøy har ein leiar med ansvar både for kommunale og statlege oppgåver. Kontoret er organisert slik at alle kommunalt tilsette arbeider både i mottak, med kartlegging og oppfølging. Det er leiar av Nav Radøy som har mynde til å godkjenne vedtak om økonomisk stønad.
Radøy kommune har ca. 5039 innbyggjarar.

3. Gjennomføring

Tilsynet omfatta følgjande aktivitetar:

Melding om tilsyn blei sendt ut 12. august 2014.

Opningsmøte blei halde 19. november 2014.

Intervju: 6 personar blei intervjua.

Stikkprøver:

- 20 saksmapper der det var fatta vedtak om stønad til livsopphold og/eller stønad i «særlege tilfeller» etter lov om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltninga §§ 18 og 19.
- journalnotat

Sluttmøte blei halde 20. november 2014

Oversikt over dokumentasjon som verksemda har sendt inn på førehand og dokumenter som vart gjennomgått under tilsynet er gitt i kapitte1 8, dokumentunderlag.

4. Kva tilsynet omfatta

Ved dette tilsynet undersøkte vi om kommunen har lagt til rette for og ser til at det blir gjort ei forsvarleg individuell kartlegging og vurdering som grunnlag for å gi eller avslå søknader frå personar med forsytaransvar for barn, og for å avgjere kor mykje stønad den enkelte får.

5. Funn

Avvik 1:

Nav Radøy har ikkje utarbeidd og iversett rutinar for å dokumentere kartleggingar, vurderingar og avgjerder i søknader om økonomisk stønad frå personar med forsørgjaransvar for barn.

Avvik frå:

Lov om sosiale tenester i Nav §§ 6, 41 og 43 jf. § 5 jf. forskrift om internkontroll for kommunen i arbeids- og velferdsforvaltninga § 4 c og f

Kommentar:

Forvaltningslova § 17 har reglar om utredning av saker. Relevante opplysningar må ein innhenta i alle saker. Opplysningar som kan vera relevante er personopplysningar, familieforhold, sosiale forhold, helsemessige forhold, samt søker sine inntekter og mogelegheit for inntekter og utgifter, eigendalar og gjeld. Kartlegginga må være forsvarleg for at det ved handsaminga av saker skal være mogeleg å gjera konkrete individuelle vurderingar. Krav til internkontroll inneber at leiinga må sørge for systematiske tiltak som er tilstrekkelege til at kartlegging av kvar enkel sak skjer i samsvar med forvaltningslova. Vidare må leiinga ha ein gjennomgang av verksemda for å følgje med på at tiltaka er tilstrekkelege. Dersom det blir avdekkja at kartlegging ikkje skjer i samsvar med lovkrav, må ein setja i verk tiltak for å rette dette opp.

Kommunen pliktar å sørge for at dei tilsette får nødvendig opplæring. Kva som er nødvendig opplæring vil blant anna avhenge av kva for kvalifikasjonar den enkelte har når dei blir tilsett, sett i forhold til kva arbeidsoppgåver dei skal utføre.

Avviket byggjer på:

- Kartlegginga av situasjonen til søker og barna blir i stor grad gjort i samtalane som sakhandsamar har med søkerane. Det blir sjeldan skrive referat frå samtalane.
- Det er ikkje vurdert om sjekklista, som NAV Radøy brukar for å innhente og gi informasjon, er eigna til å fange opp alle relevante forhold i kvar sak.
- Stikkprøver i 20 saksmapper og journalnotat viser at Nav Radøy i liten grad har dokumentert kva som er kartlagt om økonomi, helse og sosiale forhold som kan ha innverknad på utmåling av stønaden.
- Ut over talet på barn, alderen deira og at søker har forsørgjaransvar, manglar det opplysningar om forhold som er relevante å kartleggje om situasjonen til barna i dei fleste sakene.

- Vurderingar som blir gjort ved drøfting av saker i møte kvar veke blir i liten grad dokumentert i fagsystem eller vedtak.
- I mange saker er det ikkje mogeleg å sjå kva vurderingar som er lagt til grunn for avgjerdet. Om det ligg føre behov utover kommunal norm, går ikkje fram av vedtaka. Utrekning av stønadsnivå går heller ikkje klårt fram av alle vedtak.
- Det går ikkje fram av vedtaka om det er gjort ei individuell vurdering av behov etter sosialtenestelova §18 og eller § 19. I fleire saker er stønad etter sosialtenestelova § 18 ikkje vurdert før det er gitt stønad etter § 19.
- Nav Radøy har ikkje retningsliner eller rutinar for kva som er stønad etter § 18 og kva som er stønad etter § 19. I fleire saker er same stønad til same søker til same formål heimla i ulike reglar.
- Det er uklart kva utgifter som inngår i norma som blir nytta ved utmåling av stønad etter sosialtenestelova § 18.

Avvik 2:

Nav Radøy kommune har ikkje nødvendig oversikt over om og kva opplæring tilsette treng.

Avvik frå:

Sosialtenestelova § 6, jamfør § 5 og forskrift om internkontroll i for kommunen arbeids- og velferdsforvaltninga § 4 c

Kommentar:

Kommunen pliktar å sørge for at dei tilsette får nødvendig opplæring. Kva som er nødvendig opplæring vil blant anna vere avhengig av kva kvalifikasjonar den enkelte har og kva arbeidsoppgåver kvar enkelt skal utføre.

Avviket byggjer på:

- Nav Radøy kommune har ingen opplæringsplan. Behov for opplæring som gjeld behandling av søknader om økonomisk stønad er ikkje kartlagt.
- Det blir i liten grad gitt individuell rettleiing til sakshandsamarane.
- Opplæring og kompetansehevande tiltak er i liten grad prioritert.

Avvik 3:

Nav Radøy kommune si tilrettelegging og oppfølging av at søknader om økonomisk stønad frå personar med forsørgjaransvar for barn blir forsvarleg behandla, er ikkje tilstrekkeleg.

Avvik frå:

Lov om sosiale tenester i Nav §§ 18 og 19 forvaltningslova § 17, samt lov om sosiale tenester i Nav § 5 jf. forskrift om internkontroll § 4 g og h.

Kommentar:

Søknad om økonomisk stønad etter lov om sosiale tenester i Nav §§ 18 og 19 skal handsamast etter ein konkret individuell vurdering. Det betyr at i kvar sak skal det gjerast ei vurdering av søker sin situasjon. Både inntekter og inntektsmogleheter, samt livsopphaldsutgifter, både generelle og meir spesielle, skal vurderast ved handsaming av søknad etter § 18. Det skal vidare gjerast individuelle vurderingar i forhold til stønadsform og utbetalingsmåte. Dersom søknad blir avslått etter § 18, skal den vurderast etter § 19. Forvaltningsloven §§ 24 og 25 har nærmere reglar om krav til innhald i grunngjevinga.

- Leiinga har ikkje definert minstekrav til individuell kartlegging og dokumentasjon av kartleggingar og vurderingar for at behandling av søknader om økonomisk stønad skal vere forsvarleg.
- Leiinga har ikkje utarbeidd og sett i verk rutinar for å harmonisere praksis og rett behandling av søknader om økonomisk stønad til personar med forsørgjaransvar for barn.
- Mangelfull dokumentasjon av kartleggingar (utgreiingar) og vurderingar i behandling av søknader om økonomisk stønad er ikkje fanga opp ved stikkprøver leiinga har gjort.
- Mangelfulle opplysningar i vedtaka om det er gjort ei individuell vurdering av behov etter sosialtenestelova § 18 og eller § 19, er ikkje fanga opp ved gjennomgang av vedtak.
- I rapporteringar blir ikkje andre forhold enn økonomi etterspurt.

6. Vurdering av styringssystemet i verksemda

Innan den delen av verksemda til Nav Radøy kommune som dette tilsynet er avgrensa til, har vi funne alvorlege manglar ved styringa (internkontrollen), jamfør kapittel 5.

Lovverket stiller krav om at kartlegging, vurderingar og løysingar skal vere tilpassa situasjonen og behova til kvar enkelt søkjær.

Manglane som vi har funne, har innverknad på korleis søknader om økonomisk stønad blir behandla og kva stønad som blir gitt. Det er usikkert om søker får stønad slik som dei har krav på.

Det er leiinga som har ansvaret for å sjå til at lovverket blir følgd og som skal leggje til rette for og følgje med på tilsette har nødvendig opplæring, og at rutinane for å utføre oppgåvane er tenlege og blir følgde. Dette er mangelfullt i Nav Radøy kommune.

7. Regelverk

- Lov om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltninga av 18.12.2009 nr. 131
- Forskrift om internkontroll for kommunen i arbeids- og velferdsforvaltningen av 19.11.2010 nr. 1463
- Forvaltningsloven av 10.2.1967
- Forskrift til forvaltningsloven av 15.12.2006 nr. 1456

8. Dokumentunderlag

Dokumentasjon fra verksemda knytt til den daglege drifta og andre viktige forhold som blei send over ved førebuing av tilsynet:

- Organisasjonskart for Nav Radøy
- Skriv om delegasjonssystem – vedlagt tilvisingsansvar for tilsette
- Udatert rutine for sakshandsaming – søknad om sosialhjelp
- Udatert skriv – kartlegging
- Plan for verne og miljøarbeid 2014
- Verksemderapport 1. tertial 2014 for Nord Hordaland
- Samarbeidsavtale mellom Radøy kommune og Arbeids- og velferdsetaten i Hordaland
- Kopi av 5 vedtak etter lov om sosiale tenester i Nav § 18
- Kopi av 5 vedtak etter lov om sosiale tenester i Nav § 19

Dokumentasjon som blei lagt fram og gjennomgått i samband med tilsynet:

- Eit utval av saksmapper der det var fatta vedtak om stønad til livsopphold etter § 18 og/eller stønad i «særlege tilfeller» etter § 19 (20 mapper).
- Jurnalnotater
- Internkontroll for Nav Radøy, utarbeida haust 2014
- Internkontrollsysten for personvern, informasjonssikkerhet og beredskap 2014
- Arbeidsretta brukaroppfølging – økonomisk stønad, økonomisk rådgjeving, sosiale tenester i Nav, avklare bestilling og gje informasjon, brukarar som henvender seg til Nav

Korrespondanse mellom verksemda og Fylkesmannen i Hordaland:

- Varsel om tilsyn, E-postar med planlegging og avtalar knytt til gjennomføring av tilsynet, og program for tilsynet

9. Deltakarar ved tilsynet

Tabellen under gir ein oversikt over deltarane på opningsmøte og sluttmøte, og over kva personar som blei intervjua.

Namn	Funksjon / stilling	Oppningsmøte	Intervju	Sluttmøte
Linn Johannessen	Sakshandsamar	X	X	X
Solveig H. Michelsen	Sakshandsamar	X	X	X
Per Bjørkhaug	Sakshandsamar	X	X	X
Monica Holm-Remmen	Sakshandsamar	X	X	X
Svein Ove Skjoldal	Nav leiar	X	X	X
Johan Fredrik Sandal Bøschens	Kommunalsjef, helse- og omsorg	X	X	

Frå Fylkesmannen deltok:

Seniorrådgjevar Birte Lill Christiansen, seniorrådgjevar Marta Havre, og seniorrådgjevar Vibeke Herskedal, med sistnemnde som revisjonsleiar.



Fylkesmannen i Hordaland

Sakhandsamar, innvalstelefon
Anne Grete Robøle, 5557 2231

Vår dato
07.10.2014
Dykkar dato

Vår referanse
2014/7801 732.0
Dykkar referanse
14/1944

Radøy kommune
Radøyvegen 1690
5936 Manger

Oversending av rapport - jamleg oversikt over helsetilstand og positive og negative påverknadsfaktorar

Fylkesmannen takkar for tilrettelegging, godt samarbeid og tilbakemelding på utkast til rapport.

Rapporten ligg ved. Kommunen har begynt arbeidet med å ha jamleg oversikt over helsetilstanden og faktorar som kan påverke denne. Fylkesmannen finn ikkje at kommunens arbeid på dette feltet er i strid med krav i folkehelselova og oversiktsforskrifta. Tilsynet er avslutta.

Vi vonar at vår vurdering av status kan vere til nytte i kommunens vidare arbeid.

Med helsing

Signe Marit Stephanides
fung. fylkeslege

Anne Grete Robøle
seksjonsleiar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Vedlegg

Kopi med vedlegg til:
Statens helsetilsyn Postboks 8128 Dep 0032 OSLO



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Anne Grete Robøle, 55572231

Vår dato
7.10.2014
Dykkar dato
15.07.2014

Vår referanse
2014/7801
Dykkar referanse
2014/1944

Rapport frå tilsyn og vurdering av status i kommunens arbeid med jamleg oversikt over helsetilstand og positive og negative påverknadsfaktorar - Radøy kommune 2014

Adresse: Radøy kommune
Radøyvegen 1690
5936 Manger

Tidsrom for tilsynet: 9.-10. september 2014

**Kontaktperson i
kommunen:** Helge Vallestad, rådgjevar oppvekst

Samandrag

Fylkesmannen i Hordaland førte tilsyn med Radøy kommune 9.-10. september 2014. Tilsynet er del av det første landsomfattande tilsynet med kommunens folkehelsearbeid og blir gjennomført hausten 2014 etter oppdrag frå Statens helsetilsyn.

Tema for tilsynet (lovlegekontrollen) er om kommunen har kome i gang med å ha jamleg oversikt over helsetilstanden til innbyggjarane og dei positive og negative faktorane som kan påverke denne. Fylkesmannen finn ikkje at kommunens arbeid på dette feltet er i strid med krav i folkehelselova og oversiktsforskrifta

Statens helsetilsyn har i tillegg gitt oppdrag om å kartlegge og gje ei vurdering av status i arbeidet med jamleg oversikt over helsetilstand og påverknadsfaktorar. Kommunen står fritt i å bruke denne vurderinga.

Etter vår vurdering er kommunens arbeid med jamleg oversikt over helsetilstand og påverknadsfaktorar noko usystematisk. Fylkesmannen meiner at Radøy kommune kan forbetre styringa (internkontrollen) med oppgåvane etter folkehelselova og ved dette også styrkje og vidareutvikle det konkrete arbeidet med oversikt over helsetilstand og påverknadsfaktorar.

Anne Grete Robøle
Seksjonsleiar

Grete Riise
Seniorrådgjevar

Innhold

Samandrag	1
1. Innleiing.....	3
2. Radøy kommune	3
3. Gjennomføring.....	4
4. Tilsyn, kartlegging og vurdering	5
5. Fylkesmannens konklusjon ved lovlegkontrollen.....	6
6. Fylkesmannens kartlegging og vurdering av status i det jamlege oversiktsarbeidet til kommunen.....	6
7. Regelverk	7
8. Dokumentunderlag.....	7
9. Deltakarar.....	8

1. Innleiing

Fylkesmennene skal føre tilsyn med om kommunen oppfyller lovpålagte plikter i eller i medhald av §§ 4-9 og §§ 27 og 30 i lov om folkehelsearbeid (folkehelselova).

Fylkesmannens ansvar og mynde til å føre tilsyn følgjer av folkehelselova § 31, jamfør kommunelova kapittel 10A.

Tilsynet med Radøy kommune 9.- 10. september 2014 er del av eit landsomfattande tilsyn med kommunens folkehelsearbeid som fylkesmennene gjennomfører etter oppdrag frå Statens helsetilsyn.

Tema for tilsynet (lovlegkontrollen) er om kommunen er komen i gang med å ha jamleg oversikt over helsetilstanden til innbyggjarane og dei positive og negative faktorane som kan påverke denne.

Dersom tilsynet viser at kommunen ikkje har lagt til rette for og er i gang med oversiktsarbeidet, er dette brot på føresegner i folkehelselova. Kommunen blir då følgd opp til tilhøva er retta.

Dersom det kjem fram at kommunen har begynt arbeidet med jamleg oversikt, har Statens helsetilsyn gitt fylkesmennene i oppdrag å kartleggje og vurdere status i arbeidet. Kommunen står fritt i å bruke denne vurderinga.

Denne rapporten omtaler funn ved tilsynet, kva som kom fram i kartlegginga og vår vurdering.

2. Radøy kommune

Radøy kommune er frå 1. januar 2014 [organisert i tre sektorar under kvar sin kommunalsjef](#). Sektorane er: Drift og forvaltning, helse og omsorg og oppvekst. I tillegg kjem stabstjenester som er direkte underlagt rådmannen.

Oppvekstsektoren omfattar barnehage, skule, musikk- og kulturskule, PPT og ungdomskoordinatoren i kommunen. I tillegg omfattar tenestene vaksenopplæring og særskild språkopplæring for elevar og vaksne frå språklege minoritetar. Det er communal barnehage og full grunnskule, 1.-10. klasse, fire stader i kommunen. Kommunen har ikkje vidaregåande skule.

Helse- og omsorgssektoren omfattar barnevern, heimetenester, helsehuset med legesenter, helsestasjon, fysioterapi og jordmor, NAV Radøy, omsorg, psykisk helse, interkommunalt busenter og velferdssenteret.

Drift- og forvaltningssektoren omfattar teknisk drift, teknisk forvaltning, brannvern, løn og rekneskap, kultur- og sørvistorget, frivilligsentralen og biblioteket.

Kommuneoverlegen er organisert i rådmannens stab. Vikar for kommuneoverlegen byrja i stillinga 1. mai 2014. Kommuneoverlegen har 40 prosent stilling, to dagar kvar veke, til oppgåver som medisinskfagleg rådgjevar.

1.1. 2014 hadde kommunen 5039 innbyggjarar.

2.1 Organisering av folkehelsearbeidet

Frå juli 2014 er rådmannen og dei tre kommunalsjefane styringsgruppe og leier folkehelsearbeidet i kommunen. Arbeidsgruppe med kommuneoverlege, rådgjevar helse- og omsorg og rådgjevar oppvekst koordinerer arbeidet og rapporterer til styringsgruppa i møte ein gong kvar månad.

2.3. Planar og oversiktsdokument

I kommuneplan for Radøy 2011-2013, samfunnsdelen, står det i kapittel 6 (sitat):

«Radøy kommune skal arbeide fram ein konkret strategi for å nå nasjonale mål om betre folkehelse. Det vil tidleg i perioden 2011-2015 bli utarbeida ein konkret strategi for folkehelse i kommunen. Folkehelseperspektivet og førebyggingsperspektivet er viktig i all kommunal planlegging. Samordning og tverretatleg samarbeid innan dette feltet skal prioriterast.»

Dokumentet «Kartlegging av folkehelsa, helseoversikt Radøy kommune 2012/2013», datert 15. april 2013, bygger på nasjonal statistikk og omtalar befolknings-samansetjing, oppvekst og levekår, fysisk, biologisk, kjemisk og sosialt miljø, skadar og ulykker, helserelatert åferd og helsetilstand i tråd med forskrift om oversikt over folkehelsa (oversiktsforskrifta) § 3. I oppsummeringa er eit utval positive og negative påverknadsfaktorar omtalt. Dokumentet er utarbeidd av ei tverrsektoriell arbeidsgruppe.

3. Gjenomføring

- Melding om tilsyn og kartlegging blei sendt 23. juni 2014.
- Innleiande møte blei halde 9. september.
- Samtalar med ni tilsette i kommunen blei gjennomført i gruppe og enkeltvis.
- Sluttmøte blei halde 10. september.
- Skriftlege dokument som er tilsendt, lasta ned frå kommunens nettside og nettsida Folkehelseinstituttet og dokument som overleververt 9. og 10. september, er lista i kapittel 8.

4. Tilsyn, kartlegging og vurdering

Ved tilsynet har vi undersøkt om kommunen er kome i gang med å føre jamleg oversikt over helsetilstanden til innbyggjarane og positive og negative påverknadsfaktorar.

4.1 Bakgrunn for val av tema for tilsynet

Oversikt over helsetilstanden og faktorar som kan påverke denne er ein nødvendig føresetnad for at kommunane skal ha eit kunnskapsbasert grunnlag for planlegging og tiltak. Kravet til kommunen om å ha slik oversikt var difor eit naturleg tema ved det første landsomfattande tilsynet med kommunens folkehelsearbeid.

Kommunane skal både ha jamleg oversikt og utarbeide eit samla oversiktsdokument kvart fjerde år som del av grunnlaget for planstrategien sin. Tilsyn med kommunens folkehelsearbeid skal vere tilpassa den fireårige plansyklusen. Ettersom dette tilsynet blir gjort hausten 2014, er det retta mot kommunens jamlege oversiktsarbeid.

Tilsynet (lovlegkontrollen) er avgrensa til å undersøkje om kommunen har kome i gang med eit systematisk oversiktsarbeid.

Å ha kome i gang inneber at kommunen har lagt til rette for at dette arbeidet blir gjennomført slik folkehelselova og oversiktsforskrifta legg opp til, og at det er aktivitet på området.

Vi har undersøkt:

- Om arbeidet har tilstrekkeleg forankring i kommuneleiinga.
- Om det er avklart kva forhold kommunen har behov for å ha jamleg oppdaterte opplysningar om.
- Om kommunen har lagt til rette for å kunne nytte aktuelle sentrale og lokale kunnskapskjelder.
- Om kommunen har lagt opp til at arbeidet med å innhente, gjennomgå og vurdere opplysningane blir gjort tverrsektorelt.
- Om oppgåvefordelinga er avklart og kjent for involverte einingar og sektorar.
- Om kommunen sørger for at medarbeidarar har tilstrekkeleg kunnskap til å utføre oppgåvene sine, her også om kommunen sørger for å ha nødvendig samfunnsmedisinsk kompetanse.
- Om leiinga i kommunen følgjer med på at det jamlege oversiktarbeidet har kome i gang og at det er aktivitet på området.

4.2 Kartlegging og vurdering av oversiktsarbeidet

I tillegg til lovlegkontrollen i det landsomfattande tilsynet er det ei målsetjing å medverke til at kommunane som er i gang, vidareutviklar arbeidet med å ha jamleg oversikt over helsetilstanden til innbyggjarane og positive og negative faktorar som kan verke inn på folkehelsa.

Folkehelselova og oversiktsforskrifta legg i stor grad opp til at kommunen ut frå lokale tilhøve og prioriteringar, sjølv vurderer kva som er nødvendig innhald, omfang av opplysningar og vurderingar som er nødvendig for å ha jamleg oversikt.

På grunnlag av kartlegginga gir vi ei rettleiande vurdering av status i det jamlege oversiktsarbeidet.

Vi har mellom anna kartlagt:

- Kommunens styring (internkontroll)
- Kva folkehelseutfordringar kommunen har identifisert, og kva tilhøve kommunen har bestemt å ha ei jamleg oppfølging av.
- Om kommunen har teke stilling til kva informasjonskjelder dei skal bruke og i kva grad opplysningar blir innhenta.
- Om det blir gjort faglege vurderingar av dei innhenta opplysningane.
- I kva grad opplysningar og vurderingar er skriftleg dokumenterte og tilgjengelege.

5. Fylkesmannens konklusjon ved lovlegkontrollen

Tilsynet (lovlegkontrollen) er avgrensa til å undersøkje om kommunen har kome i gang med eit systematisk oversiktsarbeid.

Opplysningar som kom fram ved tilsynet, tilseier at arbeidet med jamleg oversikt over helsetilstand og påverknadsfaktorar er kome kort.

Fylkesmannen finn likevel ikkje at kommunens arbeid på dette feltet er i strid med krav i folkehelselova og oversiktsforskrifta.

Fylkesmannen har i dette tilfellet teke omsyn til at det ligg føre oversiktssdokument frå 2013¹, at kommunen har sett i verk tiltak på utvalde område og følgjer med på utviklinga. Vi har også teke omsyn til at det har vore utskifting av tilsette som har vore sentrale i dette arbeidet og at ei tverrsektoriell arbeidsgruppe som skal ha ei sentral rolle i kommunens arbeid med oversikt over helsetilstand og påverknadsfaktorar blei oppretta i byrjinga av juli i år.

6. Fylkesmannens kartlegging og vurdering av status i det jamlege oversiktsarbeidet til kommunen

Kartlegginga har vi gjort ved å gjennomgå dokumenta som er lista i kapittel 8. Opplysningar om helsetilstand, påverknadsfaktorar og tiltak som er omtalte i dokumenta, har vi sett i samband med opplysningar som vi fekk i samtalane med leiarar og tilsette 9. og 10. september. Eit utval positive og negative påverknadsfaktorar er omtalt i dokumentet «Kartlegging av folkehelsa, helseoversikt Radøy kommune 2012/2013». I samtalane fekk vi opplysningar som tilseier at det er sett i verk tiltak og at det jamleg blir gjort vurderingar av utvikling og endring på enkelte område.

Informasjonskjelder som blir nytta i oversiktsarbeidet er nasjonal statistikk supplert med lokale data og lokal kunnskap og vurderingar. Vi fekk opplyst at kommunen i løpet av kort tid skal gjere ein analyse av folkehelsearbeidet sitt.

Etter omorganisering, sjå kapittel 2.1, er oversiktarbeidet tydeleg forankra i den sentrale administrative leiinga i kommunen.

¹ Kartlegging av folkehelsa. Helseoversikt Radøy kommune 2012/2013

For å styrke det konkrete arbeidet med jamleg oversikt over helsetilstand og påverknadsfaktorar, kan det vere nyttig å konkretisere oppgåvene til arbeidsgruppa og informere og avklare samarbeidsrutinar med dei forskjellige etatane i kommunen. Analysen av folkehelsearbeidet kan bidra til nærmere avklaring av kva tilhøve kommunen bestemmer seg for å ha ei jamleg oppfølging av i det vidare arbeidet og kva informasjonskjelder (nasjonal statistikk og eller lokale data) som skal ligge til grunn for dei faglege vurderingane.

Per september 2014 er arbeidet med jamleg oversikt over helsetilstand og påverknadsfaktorar noko usystematisk. Fylkesmannen meiner at Radøy kommune kan forbetre styringa (internkontrollen) med oppgåvene etter folkehelselova og ved dette også styrke og vidareutvikle det konkrete arbeidet innan dette området.

7. Regelverk

Lov av 24. juni 2011 nr. 20 om folkehelsearbeid (folkehelselova)

Forskrift av 28. juni 2012 nr. 692 om oversikt over folkehelsen (oversiktsforskrifta)

8. Dokumentunderlag

Korrespondanse mellom Radøy kommune og Fylkesmannen i Hordaland:

- Melding om tilsyn og kartlegging, brev av 23. juni 2014 frå Fylkesmannen i Hordaland
- E-brev med vedlegg 15. juli 2014 frå Radøy kommune
- E-brev med vedlegg 26. august 2014 frå Fylkesmannen i Hordaland
- Program for 9.-10. september, brev av 25. august 2014 frå Fylkesmannen i Hordaland

Dokument som er tilsendt frå Radøy kommune:

- Organisasjonskart
- Kartlegging av folkehelsa. Helseoversikt Radøy kommune 2012/2013
- Presentasjon av La Linea
- La Linea – tilleggsopplysningar

Dokument som var tilsendt tidlegare, dokument som er lasta ned frå kommunens nettside og frå Folkehelseinstituttet:

- Radøy kommune – budsjett 2014
- Radøy kommune – årsmelding 2013
- Kommunal planstrategi for Radøy 2012-2016
- Kommuneplan for Radøy 2011-2023. Samfunnsdelen
- Smittevernplan Radøy kommune 2012
- Tenesteavtale 10 – Samarbeid om førebygging mellom Helse Bergen HF, Haraldsplass og dei 22 kommunane i sjukehusområdet
- Radøy kommune, folkehelseprofil 2014

Relevante dokument mottekne frå andre

- Startpakke for reguleringsplanar, rettleiar for dei som utarbeider reguleringsplanar i regionen, Regionrådet for Nordhordland IKS, tilsendt frå Lindås kommune

- Vurdering av interkommunalt samarbeid om folkehelsearbeid i Nordhordland, rapport fra arbeidsgruppe januar 2014. Kommunane Austrheim, Fedje, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy og Radøy, tilsendt fra Lindås kommune

Dokument som blei overlevert:

- Notat: Referat frå møte om folkehelse/tilsyn folkehelse 2. juli 2014.
- Grunnlagsdokument Radøy kommune utarbeidd av alle leiarar i fellesskap.

9. Deltakarar

Tabellen under gir ei oversikt kven vi samtalte med og kven som var til stades ved det innleiande møtet med informasjon om tilsynet og kartlegginga 9. september og ved vår tilbakemelding 10. september

Namn	Funksjon / stilling	Til stades i innleiande møte	Samtale	Til stades i sluttmøte
Jarle Landås	Rådmann	X	Saman med kommunalsjefar og enkeltvis	
Lisbeth Toppe Alvær	Kommunalsjef drift og forvaltning	X	Saman med rådmann og kommunalsjef	
Johan B. Sandal	Kommunalsjef helse og omsorg	X	Saman med rådmann og kommunalsjef og enkeltvis	X
Rolf Sandstad	Rektor		X	
Bente Gunn Haatuft	Leiande helsesyster		X	X
Helge Vallestad	Rådgjevar, oppvekst	X	Felles samtale	X
Nina Marie Kvamme	Rådgjevar, helse og omsorg	X		X
Marit Johnsen	Kommuneoverlege, vikar			X
Kjersti Flatråker	Plankonsulent		X	X

Forfall: Jo Tømmerbakke, kommunalsjef oppvekst

Frå Fylkesmannen i Hordaland deltok:

Rådgjevar Grete Kathrine Jacobsen, kommunal- og samfunnsplanavdelinga

Seniorrådgjevar Hanne Melander, utdanningsavdelinga

Seniorrådgjevar Grete Riise, helse- og sosialavdelinga

Seksjonsleiar Anne Grete Robøle, helse- og sosialavdelinga, leiar



Nordhordland kemnerkontor
Lindås, Meland, Modalen, Osterøy, Radøy

Kvassnesvegen 44, 5914 Isdalstø
Telefon: 5637 5028 Telefaks 5637 5029

E-post: post@nhkemner.no
Hjemmeside: www.nhkemner.no

Org.nr: 994 661 477 Bank: 6345 06 12636

Årsrapport 2014

Nordhordland kemnerkontor

**Skatteoppkrevjaren i
Lindås Meland Modalen Osterøy og
Radøy**

Innhald

1. Generelt om skatteoppkrevjaren si verksemد
1.1 Skatteoppkrevjarkontoret.....
1.1.1 Ressursar.....
1.1.2 Organisering
1.1.3 Ressursar og kompetanse.....
1.2 Internkontroll
1.3 Vurdering av skatteinngangen
1.3.1 Total skatte- og avgiftsinngang i rekneskapsåret.....
1.3.2 Kommunen sin del av skatteinngangen i rekneskapsåret.....
1.4 Skatteinval
2. Skatterekneskapen
2.1 Avlegging av skatterekneskapen.....
2.2 Margin.....
2.2.1 Margin for inntektsåret 2013
2.2.2 Margin for inntektsåret 2014
2.2.3 Kommentarar til marginavsetninga.....
3. Innkrevjing av krav
3.1 Restanseutvikling.....
3.1.1 Totale restansar og berostilte krav
3.1.2 Kommentarar til restanesituasjonen og utviklinga i restansar
3.1.3 Restansar eldre år.....
3.1.4 Kommentarar til restansar og restanseoppfølginga for eldre år
3.2 Innkrevjinga si effektivitet.....
3.2.1 Vurdering av kontoret sitt resultat pr. 31.12.2014
3.2.2 Vurdering av samanheng mellom aktivitet og resultat.....
3.2.3 Omtale av spesielle tilhøve
3.2.4 Kontoret sitt eventuelle tiltak for å betre effektiviteten i innkrevjinga
3.3 Særnamskompetanse.....
4. Arbeidsgjevarkontroll
4.1 Organisering av arbeidsgjevarkontrollen
4.2 Planlagde og gjennomførte kontrollar.....
4.3 Resultat frå arbeidsgjevarkontrollen
4.4 Vurdering av arbeidsgjevarkontrollen
4.5 Samarbeid med andre kontrollaktørar
4.6 Gjennomførde informasjonstiltak

1. Generelt om skatteoppkrevjaren si verksemd

1.1 Skatteoppkrevjarkontoret

Nordhordland kemnerkontor (heretter kemnerkontoret) er et interkommunalt samarbeid mellom kommunane Lindås Meland Modalen Osterøy og Radøy. Samarbeidet er etablert som vertskommunesamarbeid utan nemnd etter kommunelova § 28b, der Lindås kommune er vertskommune.

Kemnerkontoret vart etablert 01.01.2010. Kontoret ligg i Knarvik, Lindås kommune.

Kemnerkontoret er organisert som ei eiga avdeling. Avdelingsleiar/kemner sin overordna er rådmannen i Lindås. Avdelingsleiar har det faglege, personalmessige og driftsøkonomiske ansvaret for kemnerkontoret.

Samarbeidskommunane blir informert om drifta ved kontoret i samsvar med samarbeidsavtalen.

Heimel for vårt arbeid er skatteinntekt, innkrevjing av skatt m/forskrift, og skatteoppkrevjarinstruks av 8. april 2014.

Lov om kommunale vass- og avløpsanlegg av 31/5-74 nr. 17 §6, lov om eigedomsskatt av 6/6-75 nr. 29 §27, og lov om feieavgift av 14/6 nr. 20 §28.

Kemnerkontoret sine arbeidsoppgåver er :

- Fordeling av skatteinntekt, innkrevjing av skatt og arbeidsgivaravgift og føring av skatterekneskapet.
- Arbeidsgivarkontroll/rekneskapskontroll
